

POLITISK PROGRAM 2019–2023 – HERØY KrF

KrF – saman om ei trygg framtid

Politikken til KrF er tufta på kristne verdiar som menneskeverd, forvaltaransvar og nestekjærleik. Kristeleg Folkeparti trur at gode samfunn blir bygde nedanfrå og i samspel mellom enkeltmenneske, offentlege styresmakter og privat og frivillig verksemd.

Verdiar og område som Herøy KrF vil leggje vekt på og arbeide for:

Lokaldemokrati

- Fremje interessene til Herøy kommune tverrpolitisk og regionalt
- Større medverknad frå innbyggjarane
- Etablere ulike brukarforum
- Framsnakke, vere open, samarbeidsvillig og positiv
- Kommunen som aktiv medspelar

Frivillig arbeid

- Gjere det enkelt, godt og positivt å vere frivillig i herøysamfunnet
- Trekkje fram og synleggjere verdien av frivillig arbeid
- Støtte aktivt og samarbeide nært med frivillige lag og organisasjonar

Miljø og ressursforvaltning

- Nei til vindkraft!
- ENØK gjennom «smartteknologi»
- Kjøpe/lease kommunale el-bilar og arbeide for å etablere kommunal «carpool»
- Arbeide for betre kollektivtransport
- Herøy kommune skal sertifiserast som miljøfyrtårn
- Ta vare på kulturlandskapet
- Prioritere å følgje opp kloakkrammeplanen

Trygg framtid

- Tilby tomter til kostpris
- Doble talet på lærlingplassar i kommunen der minst 1/3 må ha eit inkluderingsperspektiv, og utfordre næringslivet til det same
- Tilby praksisplassar for elevane ved høgskulane på Sunnmøre
- Aktiv bruk av fritidskortet for born i alderen 6–18 år
- Byggje Nerlandsøybrua og Remøybrua

Utvikling og næring

- Utvida offentleg og privat samarbeid om utleigebustader
- Aktive bygder og levande sentrum
- Utleigebustader i sentrum for yngre og eldre
- Få på plass skiltplan og rydde i parkeringssonene
- Utvikle sentrum med trivelege små soner
- Område med WiFi i sentrum
- Innkjøpsavtaler som tek meir omsyn til lokalt næringsliv
- Betre tilgjengelege tenester og tilbod gjennom digitale løysingar
- Synleggjere ledige næringsareal og utvikle slike areal i Dragsund og på Mjølstadneset
- Vere imøtekomande og offensive med å leggje til rette for næringsutvikling
- Arbeide for sterkare samarbeid mellom offentleg, privat og frivillig sektor når det gjeld lokal samfunnsutvikling
- Søkjelys på berekraftig jordbruk

Helse, omsorg og inkludering

- Styrkje heimetenesta, også tverrfagleg
- Byggje ROP-bustader (ROP står for rus og psykiatri)
- Vidareutvikling av Herøy produksjon til ressurs- og arbeidssenter for menneske med nedsett funksjonsevne
- Få ungdom i arbeid gjennom inkluderande arbeidsliv og tiltak som t.d. Utsikten
- Gjere kommunen i stand til å gi eit heilskapleg tenestetilbod innafor psykisk helse- og rusarbeid
- Velferdsteknologi som gir innbyggjarane betre tenester

Tydeleg arbeidsgivar

- Endring i organiseringa av tenestene med fokus på heiltidsstillingar
- Auke grunnbemanninga i helse- og omsorgssektoren
- Kompetanseheving gjennom vidare- og etterutdanning for tilsette
- Sommarjobbsentral for ungdom

Berekraftig turisme

- Opparbeide tilrettelagd fiskeplass/utsiktspunkt ved Stoksundbrua for menneske med nedsett funksjonsevne
- Flybuss til Hovden
- Betre trafikksamband til Vigra
- Felles strategi og samarbeid med næringslivet i marknadsføring av Herøy
- Få på plass funksjon som næringsutviklar med turisme som eit av ansvarsområda
- Etablere turisme- og reiselivslinje ved Herøy vidaregåande skule

Oppvekst og læring

- Langsiktige og permanente løysingar for trygge vegar
- Oppgradere Nerlandsøy, Stokksund og Bergsøy skule, Ytre Herøy ungdomsskule og kulturskulen
- Ta kommunale grep for betre læringsresultat og kvalitet i skulen
- Styrkje overgangen mellom barnehage/barneskule, barneskule/ungdomsskule og ungdomsskule/vidaregåande skule
- Sterkare søkjelys på miljøarbeid i barnehage og skule for å styrkje relasjonar, trivsel og inkludering
- Utvikle og styrkje ein framtidsretta Herøy vidaregåande skule gjennom nært samarbeid mellom næringsliv, fylke og kommune

Identitet

- Skape større medvit om vårt lokale særpreg
- Herøy gard – eit sentrum for opplevingar og historieformidling
- Søkjelys på å formidle kystkultur

Kjære veljar!

Eit nytt kommuneval er i kjømda, og Herøy KrF ber om din tillit i valet!

Ønskjer DU ei kommune der politikarane samarbeider mot felles mål om å utvikle ei attraktiv og framtidsretta Herøy kommune? Då treng vi å få inn engasjerte og kunnskapsrike kvinner og menn i kommunestyret som torer å ta val og prioritere til beste for innbyggjarane. KrF har ei sterk liste med kandidatar, som er villige til å bruke av fritida si til å sette seg inn i saker og vere med å ta ansvar og gjere kloke og godt gjennomtenkte, men ofte vanskelege, val. Det viktigaste for oss er å vere i lag om ei trygg framtid. Derfor er vi opptekne av alle – frå dei minste til dei eldste. Det er på det medmenneskelege planet vi i KrF ønskjer å gjere ein forskjell. Vi lover å gjere vårt ytste for at innbyggjarane våre skal bli lytta til og respekterte!

Med det motiverte, engasjerte og kloke laget eg har i ryggen, kjenner eg meg klar til å verte ordførar i Herøy!

KrF går til val med stor optimisme og god framtidstru.

Stemmer du KrF, vil vi gjere vårt beste for at DU og DINE skal vere nøgde med å bu i Herøy kommune.

Kjære innbyggjar: Godt val!